




pro *aktiv*

Gir nye lærlingetilbud
Meir side 2.

TAF-teknisk almenfag
Meir side 3.

Skrikande mangel på arbeidskraft Meir s. 4.

MEDLEMMAR I PRO



PETERSON

SOLUND VERFT AS



www.pro.sf.no

Kvalitetsprosjekt skal betre opplæringa

PRO har nyleg gjennomført eit kvalitetsprosjekt som skal sikre lærlingar betre vurdering og dokumentasjon av opplæringa si ute i verksemdene.

Tekst: Frode Aga

Eg er nøgd med gjennomføringa av prosjektet. I tida mellom den første og den siste samlinga, kunne det rett nok vorte lagt ned endå litt meir arbeid frå verksemdene si side, men alt i alt er røynslene positive. Dette er med på å sette fokus på kvaliteten av lærlingopplæringa, og noko av det beste er at lærlingane sjølve har vore svært sentrale i arbeidet undervegs, seier Jorunn Eide Kirketeig

1. juni sette lærlingar, representantar frå PRO og fleire medlemsverksemdar kursen for Kiel med Color Fantasy. Om bord på cruisebåten fullførte dei 16 turdeltakarane det seks månaders lange kvalitetsprosjektet som skal styrke vurderinga og dokumentasjonen av opplæringa til lærlingane under læretida.

I første omgang er det elektrolysen ved Hydro i Årdal og Peterson i Trondheim, som har vore med på prosjektet, men på turen var representantar frå fleire verksemdar med. - Vi valde å invitere fleire av medlemsbedriftene våre, slik

at dei kunne dele røynslene Hydro og Peterson har gjort seg, seier Kirketeig.

Nettverk eit stort pluss

Ho meiner nettverksbygging mellom verksemdar, faglege leiarar, instruktørar og lærlingar er eit av dei største plussa med prosjektet.

- Det er ein av grunnane til at vi valde å samle gjengen og reise til Kiel også. Det er eit fint høve til å bli kjent med kvarandre på, og i ein slik setting er vi heile tida samla. Alle må bidra og ingen har moglegheit til å stikke seg vekk, seier Kirketeig.

I likskap med Kirketeig trekk personal- og opplæringsansvarleg i elektrolysen ved Hydro i Årdal, Magne Felde,



Jorunn Eide Kirketeig i PRO er nøgd med kvalitetsprosjektet som nyleg blei avslutta med Kiel-tur. Likevel meiner ho innsatsen kunne vore noko betre i mellomperioden. - I tida mellom den første og den siste samlinga, kunne det nok vorte lagt ned endå litt meir arbeid. Men alt i alt er eg veldig nøgd.

fram nettverksbygging mellom verksemdar som eit viktig moment i prosjektet. Vi blir meir samkørte og samstundes kan vi nytte høvet til å lære noko av kvarandre, seier Felde.

framh. side 2

Magne Felde frå Hydro i Årdal, Gunvald Hoff frå Hydro i Høyanger og Lars Arve Larsen frå PRO var alle med på Kiel-turen som var avslutninga av kvalitetsprosjektet. 16 representantar, alt frå faglege leiarar til lærlingar, var samla for å gjennomføre opplegget som skal betre kvaliteten på vurdering og dokumentasjon i lærlingopplæringa.



Kvalitetsprosjekt ..

- Ja, i staden for å finne kruttet på kvar sin plass, kan vi heller samarbeide og ha det mykje meir moro saman når det smell, legg Gunvald Hoff til. Hoff har ansvaret for opplæring, kvalitetssikring og HMS ved Hydro i Høyanger. Dei var ikkje med i sjølve prosjektet, men valde likevel å ta del i Kiel-turen for å lære av det Hydro i Årdal og Peterson i Trondheim har fått ut av prosjektet.

Bevisstgjær lærlingane

Felde meiner både instruktørane og lærlingane har hatt god nytte av å vere med på opplegget.

- Vi ser at det blir sett høgare og høgare krav til opplæring i fagplanane, og vi ønskjer å forsikre oss om at våre instruktørar får med seg dei endringane som skjer slik at dei kan gi best mogleg opplæring til lærlingane. Slik sett er dette ein fin måte å oppdatere seg på.

- Eg trur også dette prosjektet er viktig med tanke på å bevisstgjere lærlingane om at dei sjølve også har eit ansvar for eiga opplæring, seier Magne Felde.

Planlegginga av kvalitetsprosjektet starta hausten 2005, og kom i gang i januar i år. Eit av resultatane av prosjektet er at loggskjema vil erstatte opplæringsboka i fleire verksemder.

Skal filme for opplæringskontoret

Kjartan Helle, (28) filmstudent ved UiB, tilsett i TV2 og har eige produksjonselskap.



Gir nye lærlingtilbod



Omlegging frå Metalurgisk prosessfag til Kjemisk prosessfag i Hydro Høyanger gjorde det lettare å rekruttere nye lærlingar. Cathrine Mjølsvik, med eksamen frå Laksevåg vgs., valde Høyanger på grunn av denne omlegginga.

Hydro i Høyanger gjer grep for å auke rekrutteringa av lærlingar til verksemda, og truleg kjem Årdal Metallverk etter.

Tekst: Frode Aga

Frå hausten av vil Høyanger Metallverk gå bort frå metallurgiske lærlingplassar og i staden tilby lærlingplassar innanfor kjemiprosessfaget.

Dette gjer dei for å auke rekrutteringa av lærlingar. Og sjølv om ordninga ikkje kjem i gang før til hausten, har ikkje responsen lete vente på seg. Talet på lærlingar i Høyanger gjekk frå to til sju då avgjerda om det nye tilbodet vart teken.

- For oss handlar det om å utdanna folk til det som gir dei moglegheiter seinare, og det føler vi at vi no har gjort, seier Gunvald Hoff, som har ansvaret for opplæring, kvalitetssikring og HMS ved Hydro i Høyanger.

Han er godt nøgd med auken i talet på lærlingar.

- Vi hadde nesten ingen søkjarar tidlegare, og har fått kjempespons på det nye tilbodet. Det er tydeleg større interesse

for å få fagbrevet innanfor kjemi- og prosess, seier Hoff.

Resultata i Ytre Sogn har vore så bra at elektrolysen i Årdal kan komme til å gjennomføre dei same endringane.

- Vi har store vanskar med å rekruttere folk, og prognosane er heller ikkje gode. Vi må gjere grep for å gjere oss meir attraktive. Veldig mange unge nemner Nordsjøen som ein aktuell arbeidsstad i framtida, og når dei får tilbod om metallurgiske lærlingplassar hjå oss, sit dei på mange måtar i sideskipet til båten som går til oljeindustrien. Tilbyr vi kjemi- og prosesslærlingplassar tek dei plass i hovudskipet, seier personal- og opplæringskoordinator i Årdal, Magne Felde.

Han utelukkar ikkje at endringa i lærlingkurs kan komme allereie til hausten.

- Dersom vi bestemmer oss for å gjere dette, kan vi starte opp allereie frå hausten av. Men vi må sjå nærare på om vi er modne nok til å få det til og kva som må til for at vi skal vere best mogleg rusta. Vi må ta lærdom av det Høyanger har gjort, seier Felde.

Opgåva hans er å lag ein film som presenterer utdanningsvegen teknikk- og industriell produksjon.

Filmen skal brukast i informasjonsarbeidet i grunnskulen og som profilering overfor lærlingar. Filminga skal pågå i sommar.



UTGJEVAR:

Opplæringskontoret for prosess og mekanisk industri.

FORMÅL:

Denne informasjonen er tilrettelagt for medlemsbedriftene og andre som direkte eller indirekte er involvert i PRO sitt arbeid.

PRO ønskjer å være best på utdanning av fagarbeidarar i "våre" fag spesielt og fagopplæring generelt.

PRO skal rekruttere lærlingar til medlemsbedriftene i tråd med bedriftene sine behov for fagarbeidarar, i samsvar med bedriftene sine strategiar. PRO skal være eit fleksibelt opplæringskontor i kontinuerleg utvikling for å tilpasse seg bedriftene sine behov.

ADRESSE:

Concordbygget
Firdavegen 6
Postboks 492
6801 Førde
Telefon: (+47)57 83 22 60
Telefax: (+47)57 83 22 45
www.pro.sf.no

ANSVARLEG REDAKTØR:

Jorunn Eide Kirketeig
dagleg leiar / director
jorunn.kirketeig@pro.sf.no
Mob. (+47) 911 44 966

REPORTASJE OG FOTO:

Margunn Masdal, eko

PRO:

Jorunn Eide Kirketeig
dagleg leiar / director
jorunn.kirketeig@pro.sf.no
Mob. (+47) 911 44 966

Erlend Hatleberg,
prosjektmedarbeider
erlend.hatleberg@pro.sf.no
Mob. (+47) 97 52 86 33

Wenche Tollefsen,
administrasjonssekretær
wenche.tollefsen@pro.sf.no
Mob. (+47) 92 42 37 82

GRAFISK PRODUKSJON:

Eko-Trykk AS
Postboks 134, 6801 Førde
post@ekotrykk.no

Status læreplassar

Fylkeskommunen har i 2006 397 søkjarar med ungdomsrett (u-rett) som har lærebedrift som sitt første ønskje, og 511 søkjarar, med alle rettar, og bedrift som 1. ønskje, 15 stk har trekt søknaden sin.

Kjelde: Sogn og Fjordane Fylkeskommune opplæringsavdelinga

Pr. 060706:

Tal ung. med læreplass: 216 stk.
Tal ung. uten læreplass: 511 stk.

Ledige læreplassar i Teknikk og industriell produksjon:

- Mekaniske fag 28 stk.
- Kjemiske-/metallurgiske prosessfag: 15 stk

For få søkarar til

- Motormekanikarfaget
- Maskinarbeidararfaget
- Industrirørleggerfaget
- Platefaget
- Industrimekanikerfaget

For få eller ingen læreplassar

- formgjevingsfaga som frisør-, kjole- og draktsyarfaget
- Hotell- og næringsm.faga, t.d. kokk
- Sal-og servicefaga, t.d. vektar, reiseservice og resepsjonsfaget

Stor søknad til

- Helse- og sosialfaga
- Bil-, og elektrofaga

TAF - teknisk allmenfag

I desse dagar fullfører fleire TAF lærlingar utdanninga si. For eit par veker sida tok dei eksamen på vidaregåande skule, og no avlegg dei fagprøvene. Dei fleste skal vidare på skule, fleire har søkt på NTNU, andre universitet og høyskular.

Alle kjem til å stå med ein kompetanse som vårt fylke gjerne vil ha. Vi ser det som heilt naturleg at opplæringskontoret skal følge opp ungdommane vidare. Vi kjem til å halde kontakt, invitere dei til ulike arrangement, sikre dei sommarjobb under studia.

Grip sjansen

Bedriftene blir oppmoda om å stille opp i samband med



TAF - eit samarbeid mellom Øyrane vgs. i Førde og Mekanisk industri

prosjektoppgåver i studia og masterarbeidet.

Teknisk allmenfag

Det er ønskjeleg å kunne ta inn nye TAF elever i åra framover. Opplæringskontoret håper å finne ei løysing gjennom kunnskapsløftet.

Kvar vart dei av

Teknisk almenfag, TAF, vart eit vellukka val for "Janam" Ei utdanning med både teoretiske og praktiske fag var ein god kombinasjon for ein som kjende seg skuletrøtt å usikker på om ordinær vidaregåande skule var det rette.

16 år gamal vart "Janam" Gnanavalluvan Vettivel praksiselev hos Kleven Florø AS. Då hadde han ingen kunnskap om verky, eller korleis dei skulle brukast. Men han kjende seg raskt som ein del av arbeidslaget, det gikk fort å komme inn i arbeidet og han fikk ei gode arbeidserfaring.

Etter to år fikk han lærlingkontrakt hos Aker Kværner Industrielt Vedlikehold i Høyanger, og her tok han fagbrev i platearbeid.

Med fagbrev og studiekompetanse vart han oppteken på NTNU si Sivilingeniør utdanning med studieretning innan tekniske fag. Studievert lagt opp slik at det bygjer på den kompetansen han allereie har.



"Janam" Gnanavalluvan Vettivel, 21 år og godt i gang med studia på NTNU.

Etter eitt år som student ser han at det både er ein fordel og ein ulempe å ha gått ein utradisjonell utdanningsveg. Men han er overtydd om at i det lange løp vi fagbrevet gi han ein fordel. Dersom det ikkje skjer store endringar i arbeidsmarknaden, reknar han med å ha eit godt utgangspunkt for å få seg jobb.

På spørsmål om framtida svarer Janam; - Nett no er eg mest oppteken av å treffe gamle kjente på det årlege treffet til PRO! Men eg har familien min i Florø, og ser ikkje bort frå at eg kjem attende til fylket for å jobbe.

Skitt inn = skitt ut

Industrien treng arbeidstakarar som vil lære meir, og dei er det beinhard konkurranse om. Velutdanna og dyktig ungdom må få komme til. Det kan være vanskeleg, men like fullt nødvendig å gje plass for yngre, som jobbar i takt med verda rundt oss.

Skal du skape noko i dag må du ha med deg dei beste folka. I dag kan dei selge arbeidskrafta si der dei får mest igjen. Leiarar som arbeider med rekruttering er sentrale. Bedrifta si framtid blir forma av korleis ein rekruterer og då må ein velge rett. Diverre er det framleis leiarar som trur at arbeidsfolk skal stå med lua i handa og takke. Bedrifter med slike haldningar i 2006 har eit problem. Bedrifta sin hjerne ligg i dei tilsette, og dei må behandlast som den ressursen dei er.

PRO møter årleg bedrifter som ventar til hausten med å ta inn lærlingar, sjølv om det er i januar og februar dei er tilgjengeleg. Det er uroande å oppleve at dei vågar å utsette tilførsel av ny kompetanse. Å ta inn lærling er ei langsiktige rekruttering, som kan sikre at ein makter å konkurrere i framtida.



Jorunn Eide Kirketeig dagleg leiar / director jorunn.kirketeig@pro.sf.no

"Skitt inn er skitt ut! Ei maskin kan aldri bli bedre enn det eit menneske putter inn i den"

Skrikande mangel på arbeidskraft

Talet på arbeidsledige dalar, og i åra framover forventar Norsk Industri ein stor mangel på arbeidskraft.

Tekst og foto: Frode Aga

Vi står framfor ei kjempeutfordring, seier direktør for kompetanseavdelinga i Norsk Industri, Carla Botten-Verboven til PRO Aktiv.

Friske tal frå Aetat syner at det er stort trykk innanfor næringane Norsk Industri representerer. Ved utgangen av april var den registrerte arbeidsløysa på 2,8 prosent for landet sett under eitt. For gruppa industriarbeid, i hovudsak produksjon, er arbeidsløysa på 3,5 prosent. For ingeniørar og IKT-fag er den på låge 1,5 prosent.

Rask endring

Den største nedgangen i talet på arbeidsledige er innanfor yrka støyperiarbeid, sveis- og platearbeid. I desse gruppene seier prognosar at talet på ledige stillingar nesten vil doble seg i tida framover. Også innan kategoriane automatar, elektriske montørar og mekanikarar er det stor nedgang i talet på ledige, samstundes som at talet på ledige stillingar aukar kraftig.

For heile Norsk Industri sin medlemsmasse er det også ein stadig større mangel på ingeniørar og annan akademisk arbeidskraft. Tal frå Aetat syner at innan ingeniør- og IKT-fag aukar talet på ledige stillingar raskast blant alle yrkeskategoriar.

- Situasjonen har endra seg kraftig på berre eitt år, og det er viktig at både verksemdene og styresmaktene tek dette problemet på alvor.



SAMARBEID: Rekruttering av fagutdanna arbeidskraft var eit av hovudemna under Norsk Industri sine kompetansedagar i Oslo 30.- og 31. mai. direktør for kompetanseavdelinga i Norsk Industri, Carla Botten-Verboven hadde mellom anna invitert leiara for kyrkje- og utdanningskomiteen i Stortinget, Ine Marie Eriksen (H) til å halde foredrag under kompetansedagane.

Dette er ikkje ei utfordring som vil komme nokre år fram i tid, utfordringa er her og no, seier Carla Botten-Verboven, som får støtte av leiaren for Opplæringskontoret for prosessindustrien i Sogn og Fjordane, Jorunn Eide Kirketeig

- Bedriftsleiarane må få augo opp og sjå at vi står overfor eit stort rekrutteringsproblem. Mange er faktisk ikkje klar over kva utfordringar vi har på bemanningssida, seier Jorunn Eide Kirketeig og åtvarar samstundes mot å tru at holet lett kan tettast med utanlandsk arbeidskraft. Det er viktig å jobbe med rekruttering på kort og lang sikt. Langsiktig rekruttering gjennom lærlingordninga tilfører verksemdene både fersk og ny arbeidskraft.

Trekantsamarbeid

Rekruttering av fagutdanna arbeidskraft var eit av hovudemna under Norsk Industri sine kompetansedagar i Oslo 30.- og 31. mai. Under konfe-

ransen var både verksemdar, opplæringskontor, utdanningsinstitusjonar og høgtstående politikarar samla for å diskutere måtar å møte rekrutteringsvanskane på.

- Verksemdene klarar ikkje å løyse desse problema åleine, og primærmålet med denne konferansen er å skape eit nettverk mellom styresmaktene, utdanningsinstitusjonane og verksemdene. Her får dei sjansen til å møtast og snakke saman om kva som må til å få møte dei utfordringane industrien står overfor. Det å få desse partane samla i same sal, er viktig med tanke på å få til eit godt trekant-samarbeid, seier Carla Botten-Verboven, som også håpar dagane fungerer som "etterutdanning" for deltakarane.

- Her får ein innspel, tips og høve til høyre kva røynslar andre verksemdar har gjort seg, så vonleg er det ein fin måte for folk å oppdatere seg på.

Bli kjent med



Gisle

Gisle Hole Hagen, 19 år og frå Bergen, held på med fagbrev innan Metalurgisk prosessfag hos Hydro Aluminium i Høyanger. Men Gisle stoppar ikkje der, han skal i gang med fagbrev nr 2, Kjemisk prosessfag.

Grunnen er grei, han ser at sjansane på arbeidsmarknaden vert større og sjølv tykkjer han det er gøy å lære meir.

Overgangen frå ein størreby til ein mindre tettstad var uvant men har gått bra. Sjølv om han ikkje har fått kallenamn endå, kjenner han seg integrert.

Gisle tykkjer det er greitt å være lærling i PRO. Tett fagleg oppfølging er bra. Turane og arrangementa som opplæringskontoret legg opp til, prøver han å få med seg.

